



Arkivnr: 2014/673-275

Saksbehandlar: Elizabeth Warren, David Sandved

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016

### Prosjekt kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016 (KIK) - fordeling av restmidlar til kommunane i 2016

#### Samandrag

Saka gjeld fordeling av restmidlar frå fylkeskommunal løying til kommunane til kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016 (KIK)*. Det er ein oppfølging av sak PS 79/2016 som var til handsaming i utvalet 10.05.2016.

Hordaland fylkeskommune har sett i gong prosjektet *Kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016*, jf. vedtak i fylkesutvalet 30.01.2014, jf sak 14/2104. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet i prosjektet. Riksantikvaren bidrar med midlar til prosjektet etter søknad. Kultur- og ressursutvalet fordele kr. 1.400.000,- til 14 kommunar i 2014 (jf. sak PS 84/2014) og kr 1.800.000,- til 16 kommunar i 2015 (jf. sak PS 58/2015). Årsrapport 2015 vart lagt fram til Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.03.2016 i sak PS 46/2016.

Fokus i 2016 har vore å få kommunar med eldre kulturminneplanar til å rullere og oppdatere desse og til å legge prioriterte kulturminne inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

Til fordeling i tilskotsordninga er kr 420 000,-. I saka PS 79/2016 slutta utvalet seg til følgjande retningslinene for utlysing av restmidlane frå budsjettpost 10.400.735.84.

- Informasjon om tilgjengeleg midlar vart utlyst til kommunane etter KIRU møte 10. mai.
- Frist for innsending av søknad frå kommunane er 1. september
- Saka om tildeling av midlar vert lagt fram for KIRU i møte 12./13. oktober 2016
- Kommunar som har eldre kulturminneplaner som treng revisjon vert prioritert og kan søkje om inntil kr 100 000,- kvar. Dette gjeld Lindås, Masfjorden, Modalen og Stord
- Kommunar kan søkje om stønad om inntil kr 50 000,- til rettleatings- og formidlingsprosjekt basert på handlingsplan i vedtekne kulturminneplanar. Prosjektet må ha overføringsverdi til andre kommunar. Det er også mogleg å søkje om fellesprosjekt frå fleire kommunar.

Stord, Masfjorden og Lindås har alle søkt om kr 100 000,- kvar til revidering av kulturminneplan. Modalen vil ikkje prioritere kulturminneplanarbeid på noverande tidspunktet. Ingen kommunar har søkt stønad om rettleiing og formidling, jf. siste kulepunkt nemnd ovanfor, sjølv om dei fleste kommunane har ytra behov for slike formidlingsprosjekt. Fylkeskommunen vil difor lyse ut kr 120 000, til å lage eit felles filmprosjekt på internett, som formidlar og rettleiar kva ein må gjere når ein eig eit gammalt hus. Prosjektet er retta mot kommunar og grunneigarar i Hordaland.

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr. 300 000,- av budsjettpost 10.400.735 slik:

Kommune	År for vedtak av kulturminneplan	Sum tilskot 2011-2015	Søkt 2016	Innstilling 2016
1. Stord	2009	0	100 000	100 000
2. Masfjorden	Handlingsplan - 2009	0	100 000	100 000
3. Lindås	2011	0	100 000	100 000
<b>TOTAL</b>			<b>300 000</b>	<b>300 000</b>

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 120 000,- til felles formidlingsprosjekt for kommunane om rådgjeving på internett knytt til å eige eit gamle hus.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg  
1 Søknader restmidlar 2016

## Fylkesrådmannen, 26.09.2016

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunale og statlege midlar til kommunane sitt arbeid med kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016* (KIK).

I 2013 fordele Riksantikvaren 1 million kroner til utvikling av kulturminnevern i kommunane i Hordaland. Løyvinga gav grunnlag for oppstart av planarbeid i flere kommunar, og Hordaland fylkeskommune etablerte prosjektet *Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2014*, jf. vedtak i FUV 30.01.2014, sak 14/2104. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei ramme på 1 mill. kr til føremålet i kvart år av prosjektet.

### Midlar i KIK prosjektet

Prosjektet er basert på kostnadsdeling mellom stat, fylkeskommune og kommunar. I 2014 vart dei statlege rammene vesentleg redusert, og Hordaland fylkeskommune fekk berre kr 400 000,- i støtte.

Fylkesrådmannen la til grunn at dette kunne svekke måloppnåinga i prosjektet. For 2015 vart det statlege bidraget til arbeidet i Hordaland auka til kr 1.000.000,-. I 2016 er den statlege løyvinga til Hordaland kr 200 000,- og går til støtte i 2 kommunar, Bergen og Fusa.

### PS 79/2016

I sak PS 79/2016 som vart handsama i utvalet 10.05.2016 vart det gjort følgjande vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 780 000,- av budsjettpost 10.400.735.84 slik:

<b>Kommune</b>	<b>År for vedtak av kulturminneplan</b>	<b>Sum tilskot 2011-2015</b>	<b>Søkt 2016</b>	<b>Innstilling 2016</b>
1. Bergen	-	0	100 000	100 000
2. Fitjar	2015	200 000	50 000	50 000
3. Fusa	1998	0	200 000	200 000
4. Jondal	2009	0	100 000	100 000
5. Odda	2012	110 000	100 000	100 000
6. Os	-	100 000	100 000	100 000
7. Sveio	2015	212 000	30 000	30 000
8. Voss	2004	0	100 000	100 000
<b>TOTAL</b>			<b>780 000</b>	<b>780 000</b>

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til retningslinene for utlysning av restmidlane frå budsjettpost 10.400.735.84, kr 420 000,-
4. Fordeling av restmidlar vert handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i oktober 2016.

Følgjande retningsliner for utlysing av restmidlane frå budsjettpost 10.400.735.84 vart vedtatt.

- Informasjon om tilgjengeleg midlar vart utlyst til kommunane etter KIRU møte 10. mai.
- Frist for innsending av søknad frå kommunane er 1. september
- Saka om tildeling av midlar vert lagt fram for KIRU i møte 12./13. oktober 2016

- Kommunar som har eldre kulturminneplaner som treng revisjon vert prioritert og kan søkje om inntil kr 100 000,- kvar. Dette gjeld Lindås, Masfjorden, Modalen og Stord
- Kommunar kan søkje stønad om inntil kr 50 000,- til rettleatings og formidlingsprosjekt basert på handlingsplan i vedtekne kulturminneplanar. Prosjektet må ha overføringsverdi til andre kommunar. Det er og mogleg å søkje om fellesprosjekt frå fleire kommunar.

#### **Handsaming av restmidlar på kr 420 000,-**

Restmidlar var utlyst til kommunane 10.05.2016 med frist til 1. september 2016. Stord, Masfjorden og Lindås og Modalen var oppmoda til å søke. Lindås, Masfjorden og Stord har alle søkt om kr 100 000,- kvar til revidering av kulturminneplan i kommunen, medan Modalen har sagt at dei ikkje vil søke. Alle oppfyller vilkår om å få tilskot. Fylkesrådmannen innstiller på tilskot på kr 100.000,- til kvar av desse kommunane Lindås, Masfjorden og Stord. Søknad frå kommunane er lagt ved saka.

#### **Formidlingsprosjekt – å eige eit gammalt hus**

Etter innspel frå fleire kommunar om behov for betre informasjon til grunneigarar om verdien av gamle hus og råd om korleis ein kan vedlikehalde og sikre gamle hus. Følgjande lenkje

<https://www.youtube.com/watch?v=-ECQ0jZOg3Y>, med Sunnhordland museum v/ bygningsvernksulent Bjørn Arve Lunde som formidlar, liknar det vi trur kan vere ein god måte å nå ut til fleire med denne kunnskapen.

Fylkesrådmannen vil tilrå at ein lyser ut kr 120 000 til eit felles formidlingsprosjekt, de rein til dømes lager 4 eller 5 filmprogram om å eige eit gammalt hus. Det vert sett som vilkår at kommunar og musea i samråd med Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservatoren er aktiv med i planlegging og produksjon av innhald i filmane og med felles rett rettar til programma.

*Oversikt tilskot 2011-2015 og søknad og innstilling 2016 og forslag til restmidlar fordeling 2016. Kommunar i grøne rader har vedteken kulturminneplan:*

Kommune	Kulturminneplan (år)	Tildelt midlar 2011-2015	Søkt midlar 2016	Innstilling 2016 PS 79/2016	Restmidlar 2016
Askøy		100 000			
Austevoll		200 000			
Austrheim		200 000			
Bergen			100 000	100 000	
Bømlo		200 000			
Eidfjord		200 000			
Etne		200 000			
Fedje		200 000			
Fitjar		200 000	50 000	50 000	
Fjell		200 000			
Fusa	1998		200 000	200 000	
Granvin		200 000			
Jondal	2009		100 000	100 000	
Kvam		200 000			
Kvinnherad		200 000			
Lindås	2011				100 000
Masfjorden	2009				100 000
Meland		200 000			

Modalen	<b>2000</b>				
Odda	<b>2012</b>	<b>110 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	
Os		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	
Osterøy		<b>200 000</b>			
Radøy		<b>200 000</b>			
Samnanger	<b>2013</b>	<b>100 000</b>			
Stord	<b>2009</b>	<b>100 000</b>			<b>100 000</b>
Sund		<b>200 000</b>			
Sveio	<b>2015</b>	<b>212 000</b>	<b>30 000</b>	<b>30 000</b>	
Tysnes		<b>200 000</b>			
Ullensvang		<b>200 000</b>			
Ulvik		<b>200 000</b>			
Vaksdal	<b>2015</b>	<b>200 000</b>			
Voss	<b>2004</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	
Øygarden		<b>200 000</b>			
<b>TOTAL</b>		<b>4 722 000</b>	<b>780 000</b>	<b>780 000</b>	<b>300 000</b>